

STRANDA KOMMUNE
Kontrollutvalet

MØTEINNKALLING

Kopi til: Ordføreren
Revisor
Rådmannen

Medlemene av
Kontrollutvalet

INNKALLING TIL MØTE I STRANDA KONTROLLUTVAL

Det blir med dette kalla inn til møte i kontrollutvalet

**fredag, 17.06.2011 kl. 15.30 i
Rådhuskjellaren (med atterhald)**

SAKLISTE:

- Sak 09/11 - Godkjenning av møtebok frå møte 15. mars 2011
- ” 10/11 - Årsmelding 2010 - Stranda kommune
- ” 11/11 - Kommunerekneskapen 2010 – Stranda kommune
- ” 12/11 - Stranda Hamnevesen KF – rekneskap 2010
- ” 13/11 - Strandafjellet KF – rekneskap 2010

Det er innmeldt ei mulig tilleggssak. Ei orientering blir gitt i møte. Kontrollutvalet vil kunne ta stilling til om denne skal bli underlagt behandling.

Dersom det er vanskeleg å møte, gje melding på telefon 70 17 21 58 eller 97 60 57 83 til dagleg leiar eller e-post kontrollutval@kontrollutval.no.

Inge Gjærde
leiar
(sign.)

KONTROLLUTVALET I STRANDA KOMMUNE

MØTEBOK

Møtedato 15.03. 2011 kl. 16.05
Møtestad: Øynasenteret, Høgda

Møtet vart leia av: Inge Gjærde

Elles til stades: Per Berge, Arne Olav Stavsen, Kari Johansen og Magnar Furset
= 5 voterande

Hildegunn Brune hadde meldt forfall. Magnar Furset møtte i staden

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte:

Dagleg leiar Harald Rogne

Frå kommunerevisjonen møtte:

Dagleg leiar Kjetil Bjørnsen

Frå Stranda Kommune møtte rådmann Ann Kristin Langeland og økonomisjef Lars Birger Stige.

Det kom ikkje fram merknader til innkalling eller sakliste.

SAK 07/11

GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ MØTE 22. FEBRUAR 2011

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Møtebok frå møte 22. februar 2011 blir godkjent.

SAK 03/11

UTSETT SAK - OPPFØLGING AV TIDLEGARE BEHANDLA RAPPORTAR GJELDANDE FORVALTNINGSREVISJON OG SELSKAPSKONTROLL

Saksutgreiing frå kontrollutvalsekretariatet datert 15.02.2011

Av orienteringa gjekk det fram at oppfølging av VAR – området blir behandla i kommunestyret 30.03.2011. Selskapskontroll har det ikkje blitt oppfølging av, men det blir teke sikte på å ajourføre eigarskapsmeldingane med det første. Når det gjeld rapportane om lånegjelda, er desse relativt nye, men økonomiplan og budsjett har blitt påverka av det som kom fram i desse.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet har saka til observasjon.

SAK 05/11

UTSETT SAK - KONTROLLRAPPORT VEDKOMANDE SKATTEOPPKREVJARFUNKSJONEN I STRANDA KOMMUNE.

Saksutgreiing frå kontrollutvalsekretariatet datert 07.03.2011.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek kontrollrapport vedkomande skatteoppkrevjarfunksjonen i Stranda kommune datert 11.02.2011 frå Skatteetaten til orientering..

SAK 08/11

FORSLAG TIL REGLEMENT FOR HØYRINGAR I KONTROLLUTVALET MED RETNINGSLINER

Saksutgreiing frå kontrollutvalsekretariatet datert 07.03.2011
Saka medfører endring av reglement for Stranda kontrollutval.

Kontrollutvalet innstiller overfor kommunestyret med 4 mot 1 stemme:

Nytt punkt 2,5 i reglementet for Stranda kontrollutval lyder slik:

Opne/lukka møte

Kontrollutvalet sine møte skal haldast for opne dører. I dei tilfella utvalet skal behandle opplysningar som er underlagt teieplikt eller det ut i frå andre saklege omsyn er nødvendig, skal møtet lukkast.

Kontrollutvalet kan ha opne eller lukka høyringar. Kontrollutvalet kan pålegge alle tilsette å forklare seg munnleg i ei lukka høyring. I ei open høyring er dette frivillig. Kontrollutvalet kan kalle inn/invitere folkevalde og eksterne til høyringar. Desse har ikkje møteplikt verken i opne eller lukka høyringar. Høyringar er ikkje ein del av møtet. Som hovudregel skal kontrollutvalet gå via rådmannen ved innkalling av underordna personell.

Kontrollutvalget fastset sjølv retningslinjer for høyringar. Utkast til desse retningslinene blir oversendt kommunestyret til orientering

Inge Gjærde
leiar
(sign.)

Arne Ola Stavseng
medlem
(sign.)

Per Berge
medlem
(sign.)

Kari Johansen
medlem
(sign.)

Magnar Furset
varamedlem
(sign.)

SUNNMØRE
KONTROLLUTVÅLSEKRETARIAT IKS

Kontrollutvalet

Dato: 15.06.2011

SAK 10/11
ÅRSMELDING 2010 – STRANDA KOMMUNE

Som vedlegg følger:

- Årsmelding 2010 – Stranda kommune

Etter § 10, 3. ledd i forskrift om årsrekneskap og årsmelding, skal administrasjonssjefen innan 31. mars utarbeide årsmelding, og fremje denne for det organ kommunestyret bestemmer. Dersom årsmeldinga ikkje blir fremja for kontrollutvalet, skal den oversendast kontrollutvalet før kontrollutvalet gir sin uttale til årsrekneskapen.

Årsmeldinga skal ligge føre til behandling i kommunestyret samstundes med at årsrekneskapen blir behandla.

På bakgrunn av ovanstående legg ein saka fram for kontrollutvalet med forslag om slikt

v e d t a k :

Kontrollutvalet tek årsmelding 2010 for Stranda kommune til orientering.

Harald Rogne
dagleg leiar

**SUNNMØRE
KONTROLLUTVÅLSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet

Dato: 15.06.2011

**SAK 11/11
KOMMUNEREKNESKAPEN 2010 – STRANDA KOMMUNE**

Som vedlegg følger:

1. Revisjonsmelding til kommunerekneskapen 2010 - Stranda kommune
2. Stranda kommune - kommunerekneskapen 2010

Av Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar § 7, framgår det at kontrollutvalet skal gje (desisjons-) uttale om årsrekneskapen til kommunestyret før årsrekneskapen blir vedtatt. Kopi av kontrollutvalet sin uttale skal vere formannskapet i hende før formannskapet gjev si innstilling om årsrekneskapen til kommunestyret.

Kontrollutvalet skal kontrollere at årsrekneskapen er ført i samsvar med lover og reglar og om kommunestyret sine målesetjingar er oppfylt. Kontrollutvalet kan følgjeleg føreslå endringar i årsrekneskapen, dersom det er skjedd føringar i strid med gjeldande regelverk. Grunnlaget for behandlinga har vore den avlagte årsrekneskapen, revisjonsmeldinga og administrasjonssjefen si årsmelding. I tillegg har ansvarleg revisor supplert kontrollutvalet med relevant informasjon.

Kontrollutvalet har gjennom året behandla kommunen sine tertialrapportar. Ved siste behandling av tertialrapporteringa til kommunen 14.12.2010 vart det opplyst at kommunen rekneskap ville gå i balanse. I møtet vart det etterlyst framlegging av økonomiske prognosar.

Kommunen sin rekneskap viser eit meirforbruk (underskot) på kr 10.933.558,15. Med eit so stort avvik mellom forventta rekneskapsresultat og endeleg resultat tilseier dette at kommunen må etablere rutinar for utarbeiding av reelle økonomiske prognosar. Det blir i denne samanhengen vist til sak 23/10 som omhandla den økonomiske rapporteringa i Stranda kommune. Under behandlinga av denne saka kom det fram at rekneskapen var forventta å gå i balanse.

På bakgrunn av ovanstående legg ein saka fram for kontrollutvalet med forslag om slik

uttale :

1. Stranda kommune sin rekneskap for 2010 blir godkjent.

2. Kommunen må etablere rutinar for økonomisk oppfølging og prognosar slik at kommunestyret kan innrette sin budsjettkontroll og økonomiske vedtak med utgangspunkt i reelle økonomiske opplysningar.
3. Innan enkelte tenesteeiningar ligg det føre overskridingar i forhold til vedteke budsjett og kontrollutvalet vil presisere at årsbudsjettet er bindande, jf kommunelova § 47 nr. 2.

Harald Rogne
dagleg leiar

Kommunerevisjonsdistrikt nr. 3
i Møre og Romsdal IKS

Vår sakshandsamar:
Ann-Kristin Melseth

Vår dato:
09.06.2011
Dykkar dato:

Vår referanse:
Dykkar referanse:

Kopi: Kontrollutvalet
Formannskapet
Rådmannen

Til
Kommunestyret i
Stranda kommune

REVISJONSMELDING 2010 – STRANDA KOMMUNE

Uttale om årsrekneskapen

Vi har revidert årsrekneskapen for Stranda kommune, som er sett saman av balanse per 31. desember 2010, driftsrekneskap som viser kr 170 386 159,67 til fordeling drift og eit rekneskapsmessig meirforbruk på kr 10 933 558,15, investeringsrekneskap, og økonomiske oversikter for rekneskapsåret avslutta per denne datoen, og ein omtale av vesentlege rekneskapsprinsipp som er nytta, og andre noteopplysningar.

Administrasjonssjefen sitt ansvar for årsrekneskapen

Administrasjonssjefen er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen og for at den gir ei dekkande framstilling i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk i Noreg, og for slik intern kontroll som administrasjonssjefen finn nødvendig for å gjere det mogleg å utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, korkje som følgje av mislegheiter eller feil.

Revisor sine oppgåver og plikter

Oppgåva vår er, på grunnlag av revisjonen vår, å gje uttrykk for ei meining om denne årsrekneskapen. Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Noreg, herunder International Standards on Auditing. Revisjonsstandardane krev at vi etterlever etiske krav og planlegg og gjennomfører revisjonen for å oppnå rimeleg tryggleik for at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon.

Ein revisjon medfører utføring av handlingar for å innhente revisjonsbevis for beløpa og opplysningane i årsrekneskapen. Dei valde handlingane avheng av revisor sitt skjønn, herunder vurderinga av risikoane for at årsrekneskapen inneheld vesentleg feilinformasjon, anten det skuldast mislegheiter eller feil. Ved ei slik risikovurdering tek revisor omsyn til den interne kontrollen som er relevant for kommunen si utarbeiding av ein årsrekneskap som gjev ei dekkande framstilling. Formålet er å utforme revisjonshandlingar som er formålstenlege etter tilhøva, men ikkje å gje uttrykk for ei meining om effektiviteten av kommunen sin interne kontroll. Ein revisjon omfattar også ei vurdering av om dei rekneskapsprinsippa som er nytta, er formålstenlege, og om rekneskapsestimata som er utarbeidd av leiinga, er rimelege, og ei vurdering av den samla presentasjonen av årsrekneskapen.

Etter vår meining er innhenta revisjonsbevis tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for vår konklusjon.

Konklusjon

Etter vår meining er årsrekneskapen avgjeven i samsvar med lov og forskrifter og gir i det alt vesentlege ei dekkande framstilling av den finansielle stillinga til Stranda kommune per 31. desember 2010, og av resultatet for rekneskapsåret som vart avslutta per denne dato i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk i Noreg.

Uttale om andre forhold*Konklusjon om med atterhald om budsjett*

Innan enkelte tenesteiningar er det overskridingar i høve vedteke budsjett. Det vert vist til årsmeldinga frå rådmannen.

Basert på vår revisjon av årsrekneskapen slik den er omtalt ovanfor, meiner vi, med unntak av forholdet nemnt i avsnittet ovanfor, at dei disposisjonar som ligg til grunn for årsrekneskapen er i samsvar med budsjettvedtak, og at budsjettbeløpa i årsrekneskapen stemmer med regulert budsjett.

Konklusjon om årsmeldinga

Basert på vår revisjon av årsrekneskapen slik den er omtalt ovanfor, meiner vi at opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.


Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på vår revisjon av årsrekneskapen slik den er omtalt ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikkje er revisjon eller forenkla revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», meiner vi at leiinga har oppfylt si plikt til å sørge for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av kommunen sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god kommunal rekneskapsskikk i Noreg.

Andre forhold

Netto driftsresultat er ein hovudindikator for mål på økonomisk balanse i kommunesektoren. Kommunerekneskapen for 2010 viser eit negativt netto driftsresultat på kr 12 717 094,39. Med negativt netto driftsresultat over tid, er Stranda kommune avhengig av tidlegare avsette midlar for å finansiere drifta. Det vert vist til kommunelova § 46, nr. 6 som set krav om at det skal budsjetterast med eit driftsresultat som minst er tilstrekkeleg til å dekke renter, avdrag og nødvendige avsetningar, og det grunnleggjande kravet i kommunelova § 46, nr. 3 om at årsbudsjettet skal vere realistisk.

Det vert elles vist til konklusjonane i forvaltningsrevisjonsrapport nr. 08/2010 – Analyse av kommunen si lånegjeld vurdert opp mot økonomisk bærekraft og nødvendig tenesteproduksjon i Stranda kommune og kommunestyret si oppfølging av denne.



Kjell Bjørnsen
dagleg leiar

**SUNNMØRE
KONTROLLUTVÅLSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet

Dato: 15.06.2011

**SAK 12/11
REKNESKAP 2010 – STRANDA HAMNEVESEN KF**

Som vedlegg følger:

1. Revisjonsmelding til rekneskap 2010 - Stranda Hamnevesen KF
2. Rekneskap 2010 – Stranda hamnevesen KF

Av Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar § 7, framgår det at kontrollutvalet skal gje (desisjons-) uttale om årsrekneskapen til kommunestyret før årsrekneskapen blir vedtatt. Kopi av kontrollutvalet sin uttale skal vere formannskapet i hende før formannskapet gjev si innstilling om årsrekneskapen til kommunestyret.

Kontrollutvalet skal kontrollere at årsrekneskapen er ført i samsvar med lover og reglar og om kommunestyret sine målesetjingar er oppfylt. Kontrollutvalet kan følgeleg føreslå endringar i årsrekneskapen, dersom det er skjedd føringar i strid med gjeldande regelverk. Grunnlaget for behandlinga har vore den avlagte årsrekneskapen, revisjonsmeldinga og styret si årsmelding. I tillegg har ansvarleg revisor supplert kontrollutvalet med relevant informasjon.

På bakgrunn av ovanståande legg ein saka fram for kontrollutvalet med forslag om slik

uttale :

Stranda Hamnevesen KF sin rekneskap for 2010 blir godkjent.

Harald Rogne
dagleg leiar

Kopi: Kontrollutvalet
Formannskapet
Stranda Hamnevesen KF
Rådmannen

Til
Kommunestyret i
Stranda kommune

REVISJONSMELDING 2010 – STRANDA HAMNEVESEN KF

Uttale om særrekskapen

Vi har revidert særrekskapen for Stranda Hamnevesen KF, som er sett saman av balanse per 31. desember 2010, driftsrekneskap som viser eit netto driftsresultat på kr 2 124 948,84 og eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 2 119 734,84, investeringsrekneskap og økonomiske oversikter for rekneskapsåret avslutta per denne datoen, og ein omtale av vesentlege rekneskapsprinsipp som er nytta og andre noteopplysningar.

Styret og dagleg leiar sitt ansvar for årsrekneskapen

Styret og dagleg leiar er ansvarleg for å utarbeide særrekskapen og for at den gir ei dekkande framstilling i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk, og for slik intern kontroll som styret og dagleg leiar finn nødvendig for å gjere det mogleg å utarbeide ein særrekskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, korkje som følgje av mislegheiter eller feil.

Revisor sine oppgåver og plikter

Oppgåva vår er, på grunnlag av revisjonen vår, å gje uttrykk for ei meining om denne særrekskapen. Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Noreg, herunder International Standards on Auditing. Revisjonsstandardane krev at vi etterlever etiske krav og planlegg og gjennomfører revisjonen for å oppnå rimeleg tryggleik for at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon.

Ein revisjon medfører utføring av handlingar for å innhente revisjonsbevis for beløpa og opplysningane i årsrekneskapen. Dei valde handlingane avheng av revisor sitt skjøn, herunder vurderinga av risikoane for at årsrekneskapen inneheld vesentleg feilinformasjon, anten det skuldast mislegheiter eller feil. Ved ei slik risikovurdering tek revisor omsyn til den interne kontrollen som er relevant for føretaket si utarbeiding av ein årsrekneskap som gjev ei dekkande framstilling. Formålet er å utforme revisjonshandlingar som er formålstenlege etter tilhøva, men ikkje å gje uttrykk for ei meining om effektiviteten av føretaket sin interne kontroll. Ein revisjon omfattar også ei vurdering av om dei rekneskapsprinsippa som er nytta, er formålstenlege, og om rekneskapsestimata som er utarbeidd av leiinga, er rimelege, og ei vurdering av den samla presentasjonen av årsrekneskapen.

Etter vår meining er innhenta revisjonsbevis tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for vår konklusjon.

Konklusjon

Etter vår meining er særrekneskapen avgjeven i samsvar med lov og forskrifter og gir i det alt vesentlege ei dekkande framstilling av den finansielle stillinga til Stranda Hamnevesen KF per 31. desember 2010, og av resultatet for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk i Noreg.

Uttale om andre forhold*Konklusjon om særbudsjett*


Basert på vår revisjon av særrekneskapen slik den er omtalt ovanfor, meiner vi at dei disposisjonar som ligg til grunn for særrekneskapen er i samsvar med budsjettvedtak, og at budsjettbeløpa i særrekneskapen stemmer med regulert budsjett.

Konklusjon om årsmeldinga

Basert på vår revisjon av særrekneskapen slik den er omtalt ovanfor, meiner vi at opplysningane i årsmeldinga om særrekneskapen er konsistente med særrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på vår revisjon av årsrekneskapen slik den er omtalt ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikkje er revisjon eller forenkla revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», meiner vi at leiinga har oppfylt si plikt til å sørge for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av føretaket sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god kommunal rekneskapsskikk i Noreg.



Kjell Bjørnsen
dagleg leiar



Khut Gunnar Alnes
registrert revisor

SUNNMØRE
KONTROLLUTVALSEKRETARIAT IKS

Kontrollutvalet

Dato: 17.06.2010

SAK 13/11
REKNESKAP 2010 – STRANDAFJELLET KF

Som vedlegg følger:

1. Revisjonsmelding til rekneskap 2010 – Strandafjellet KF
2. Rekneskap 2010 – Strandafjellet KF

Av Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar § 7, framgår det at kontrollutvalet skal gje (desisjons-) uttale om årsrekneskapen til kommunestyret før årsrekneskapen blir vedtatt. Kopi av kontrollutvalet sin uttale skal vere formannskapet i hende før formannskapet gjev si innstilling om årsrekneskapen til kommunestyret.

Kontrollutvalet skal kontrollere at årsrekneskapen er ført i samsvar med lover og reglar og om kommunestyret sine målesetjingar er oppfylt. Kontrollutvalet kan følgeleg føreslå endringar i årsrekneskapen, dersom det er skjedd føringar i strid med gjeldande regelverk. Grunnlaget for behandlinga har vore den avlagte årsrekneskapen, revisjonsmeldinga og styret si årsmelding. I tillegg har ansvarleg revisor supplert kontrollutvalet med relevant informasjon.

I revisjonsmeldinga går mellom anna følgjande fram:

Drifta av Strandafjellet KF er i det vesentlege basert på leigeinntekter frå drivarselskapet. Føretaket har i 2010 hatt problem å få rettidig inn leigeinntekter i samsvar med avtale. Dette ser ut til å fortsette i 2011, og må finne si avklaring.

På bakgrunn av ovanstående legg ein saka fram for kontrollutvalet med forslag om slik

uttale :

1. Strandafjellet KF sin rekneskap for 2010 blir godkjent.
2. Det blir vist til presisering i revisjonsmeldinga knytt til problem med innbetaling av leigeinntekter.

Harald Rogne
dagleg leiar

Kommunerevisjonsdistrikt nr. 3
i Møre og Romsdal IKS

Vår sakshandsamar:
Ann-Kristin Melseth

Vår dato:
16.06.2011
Dykkar dato:

Vår referanse:
Dykkar referanse:

Kopi: Kontrollutvalet
Formannskapet
Strandafjellet KF
Rådmannen

Til
Kommunestyret i
Stranda kommune

REVISJONSMELDING 2010 – STRANDAFJELLET KF

Uttale om særrekneskapen

Vi har revidert særrekneskapen for Strandafjellet KF, som er sett saman av balanse per 31. desember 2010, driftsrekneskap som viser eit netto driftsresultat på kr 2 622 607,44 og eit rekneskapsmessig meirforbruk på kr 2 471 687,94, investeringsrekneskap og økonomiske oversikter for rekneskapsåret avslutta per denne datoen, og ein omtale av vesentlege rekneskapsprinsipp som er nytta og andre noteopplysningar.

Styret og dagleg leiar sitt ansvar for årsrekneskapen

Styret og dagleg leiar er ansvarleg for å utarbeide særrekneskapen og for at den gir ei dekkande framstilling i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapskikk, og for slik intern kontroll som styret og dagleg leiar finn nødvendig for å gjere det mogleg å utarbeide ein særrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, korkje som følgje av mislegheiter eller feil.

Revisor sine oppgåver og plikter

Oppgåva vår er, på grunnlag av revisjonen vår, å gje uttrykk for ei meining om denne særrekneskapen. Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Noreg, herunder International Standards on Auditing. Revisjonsstandardane krev at vi etterlever etiske krav og planlegg og gjennomfører revisjonen for å oppnå rimeleg tryggleik for at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon.

Ein revisjon medfører utføring av handlingar for å innhente revisjonsbevis for beløpa og opplysningane i årsrekneskapen. Dei valde handlingane avheng av revisor sitt skjønn, herunder vurderinga av risikoane for at årsrekneskapen inneheld vesentleg feilinformasjon, anten det skuldast mislegheiter eller feil. Ved ei slik risikovurdering tek revisor omsyn til den interne kontrollen som er relevant for kommunen si utarbeiding av ein årsrekneskap som gjev ei dekkande framstilling. Formålet er å utforme revisjonshandlingar som er formålstenlege etter tilhøva, men ikkje å gje uttrykk for ei meining om effektiviteten av føretaket sin interne kontroll. Ein revisjon omfattar også ei vurdering av om dei rekneskapsprinsippa som er nytta, er formålstenlege, og om rekneskapsestimata som er utarbeidd av leiinga, er rimelege, og ei vurdering av den samla presentasjonen av årsrekneskapen.

Etter vår meining er innhenta revisjonsbevis tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for vår konklusjon.

Postadresse
Postboks 7734 Spjelkavik
6022 Ålesund

Besøksadresse
Lørstadvegen 545, 4. Etg.
E-postadresse
komrev3@komrev3.no

Telefon
70 17 21 50

Telefaks
70 17 21 51

Bankkonto
6540 05 00465

Foretaksregisteret
NO 971 562 587

Konklusjon

Etter vår meining er særreknescapen avgjeven i samsvar med lov og forskrifter og gir i det alt vesentlege ei dekkande framstilling av den finansielle stillinga til Strandafjellet KF per 31. desember 2010, og av resultatet for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapskikk i Noreg.

Uttale om andre forhold*Konklusjon om særbudsjett*

Basert på vår revisjon av særreknescapen slik den er omtalt ovanfor, meiner vi at dei disposisjonar som ligg til grunn for særreknescapen er i samsvar med budsjettvedtak, og at budsjettbeløpa i særreknescapen stemmer med regulert budsjett.

Konklusjon om årsmeldinga

Basert på vår revisjon av særreknescapen slik den er omtalt ovanfor, meiner vi at opplysningane i årsmeldinga om særreknescapen er konsistente med særreknescapen og er i samsvar med lov og forskrifter.

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på vår revisjon av årsreknescapen slik den er omtalt ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikkje er revisjon eller forenkla revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», meiner vi at leiinga har oppfylt si plikt til å sørge for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av føretaket sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god kommunal rekneskapskikk i Noreg.

Andre forhold

Drifta av Strandafjellet KF er i det vesentlege basert på leigeinntekter frå drivarselskapet. Føretaket har i 2010 hatt problem å få rettidig inn leigeinntektene i samsvar med avtale. Dette ser ut til å fortsette i 2011, og må finne si avklaring.

Rekneskapsmessig meirforbruk for 2010 er kr 2 471 687,94. Etter gjeldande reglar skal dette dekkjast inn i særbudsjett 2011 for føretaket. Dersom føretaket ikkje fullt ut klarer å dekkje inn meirforbruket i 2011, må Stranda kommune føre opp resterande del til dekking over kommunen sitt driftsbudsjett for 2012. Det vert elles vist til kravet i kommunelova om realistisk budsjettering.



Kjetil Bjørnsen
dagleg leiar